

# Møteinnkalling

---

**Utval:** Nærøyfjorden verneområdestyre

**Møtestad:** E-postmøte

**Dato:** 27.01.2017

**Tidspunkt:** 09:00

---

Eventuelt forfall må meldast snarast på tlf. 99499753 eller e-post  
[fmsfano@fylkesmannen.no](mailto:fmsfano@fylkesmannen.no). Vararepresentantar møter etter nærmere beskjed.

Etter avtale med styreleiar, vert møtet gjennomført med svar på e-post. Send svar seinast 27. januar kl. 09.00. Dersom nokon av styremedlemene ynskjer at møtet skal gjennomførast som telefonmøte, må de gje melding til sekretær snarast.

## Saksliste

Utvals-saksnr	Innhald	Lukka	Arkiv-saksnr
ST 6/17	Godkjenning av innkalling og dagsorden		
ST 7/17	Val av eit styremedlem til å skrive under protokoll		
ST 8/17	Nærøyfjorden landskapsvernområde - Flaumsikring av fv. 601 Langhuso-Undredal		2017/82

**ST 6/17 Godkjenning av innkalling og dagsorden**

**ST 7/17 Val av eit styremedlem til å skrive under protokoll**



Arkivsaksnr: 2017/82-0

Saksbehandler: Anbjørg Nornes

Dato: 12.01.2017

## **Nærøyfjorden landskapsvernombord - Flaumsikring av fv. 601 Langhuso - Undredal**

### **Innstilling frå forvaltar**

Nærøyfjorden verneområdestyre gjev Statens vegvesen løyve til sikringstiltak av to bekkeløp i tilknyting til fv. 601 mellom Langhuso og Melhus innafor Nærøyfjorden landskapsvernombord. Løyve er gjeve med heimel i verneforskrifta for Nærøyfjorden landskapsvernombord og naturmangfaldlova § 48 første ledd og første alternativ.

Løyve er gjeve med følgjande vilkår:

- Bekkeløpa, punkt 1 og 2 i plan vedlagt søknad frå Statens vegvesen, kan plastrast med stein. Plastringa skal avgrensast til lengda som er skisser i planen for tiltaket. Det skal leggjast til rette for etablering av kantvegetasjon der dette er mogleg.
- Stein til plastringa skal ikkje føra til nye inngrep utanfor tiltaksområdet, men det kan plukkast enkelte steinar frå nærområdet til plastringa. Tilførtstein skal vera tilpassa landskapet på staden, og med tilsvarende geologi som i tiltaksområdet.
- Betongen i inntakskummen skal dekkast til med stein der det er mogleg. Storleiken på kvar inntakskum kan vera inntil 50 m<sup>3</sup>.
- Sikringsarbeidet skal avgrensast til det som er naudsynt for å førebygge skadar på vegbanen.
- Før endeleg ferdigstilling av tiltaka og sluttføring av arbeidet, skal det gjennomførast felles synfaring med verneområdeforvaltar i anleggsområdet. Verneområdestyret kan pålegge tilstelling for å sluttføra arbeidet.

### **Saksopplysningar**

Dokument som bakgrunn for saka:

- Søknad til Aurland kommune om løyve til flaumsikring av fv 601 Langhuso – Undredal, Statens vegvesen 11.11.2016
- Høyring flaumvern – Aurland kommune datert 06.01.2017

Saka vert vurdert etter:


- Forskrift om vern av Nærøyfjorden landskapsvernombord av 08.11.2002



## Nærøyfjorden verneområdestyre

- Naturmangfaldlova av 19.06.2009
- Forvaltningsplan for Nærøyfjorden, rapport nr. 1 - 2008

Statens vegvesen planlegg flaumsikring på sju punkt på fv. 601 Langhuso – Undredal. Denne vedstrekninga er utsett for stengingar når det er store nedbørsmengder og flaum. For å førebyggja og hindra nye skadar på vegen, søker Statens vegvesen om å utføra ein del arbeid langs vegstrekninga. To av punkta er innanfor Nærøyfjorden landskapsvernområde, og omfattar tiltak i to små bekkeløp. Desse bekkeløpa ligg i bratt skråning på oversida av vegen. Bekkeløpa er i periodar heitl tørre, men veks opp og fører med seg steinmassar når det er store nedbørsmengder.




Kart med punkt for utbetring. Kopi frå søknad.

Dei andre punkta er utanfor verneområdet.


Planen for punkt 1 og 2 er å plastra bekkeløpa om lag 20 meter opp frå vegen som tosidig plastring med botnplastring. Det skal etablerast ein inntakskum av betong inn om vegen. Magasinet skal hindre at steinmassane som kjem i bekkeløpet skal kome ut på vegen. Planlagt volum på kvart magasin er om lag 40-50 m<sup>3</sup>.



## Nærøyfjorden verneområdestyre



Tiltakspunkt nr. 2.  
Skisse fra søknad.



Tiltakspunkt nr. 3.  
Skisse fra søknad.

Norges vassdrags- og energidirektorat (NVE) har gjeve uttak til planane. Dei vurderer tiltaka som naudsynte for å sikre ein stabil og trygg veg til Undredal. Dei påpeikar at tiltaka må gjennomførast skånsamt. Det bør nyttast naturstein i staden for betong der det er mogleg.

Fylkesmannen i Sogn og Fjordane har gjeve uttale til planen og støttar tiltaka. Det vert påpeika at tiltaka vert avgrensa til det som er naudsynt for å sikre vegen, og tiltaka må få så naturleg utforming som mogleg.



## Lovgrunnlaget.

«Føremålet med Nærøyfjorden landskapsvernombordet er å ta vare på eit vakkert og eigenarta natur- og kulturlandskap frå fjord til fjell i eit storfelt isbreutforma landskap med eit mangfold av plante- og dyreliv og der eit kulturlandskap med slåtteteigar, beiteområdet, stølsområdet, gardsbruk og kulturminne, skapt gjennom aktiv landbruks-drift, utgjer ein vesentleg del av landskapets karakter» jf. verneforskrifta § 2. Nærøyfjorden landskapsvernombordet er «..verna mot alle inngrep eller tiltak som vesentleg kan endre eller verke inn på landskapets art eller karakter» jf. verneforskrifta § 3, pkt.1.1. Området er verna mot «...sprenging, masseuttak, utfylling, planering og lagring av masse, lausbryting og fjerning av stein og mineral...» jf. § 3 pkt. 1.1. a).

Tiltaka med sikring av elveløp er ikkje nemnt under dei spesielle dispensasjonsreglane, og må difor vurderast etter naturmangfaldlova § 48 første ledd, første alternativ; «Forvaltingsmyndigheten kan gjøre inntak frå et vernevedtak dersom det ikke strider mot vernevedtakets formål og ikke kan påvirke verneverdiene nevneverdig». Det må vurderast om vilkåra for å gje dispensasjon etter naturmangfaldlova § 48 er oppfylt, og om det kan gjevast dispensasjon til tiltaket.

Etter naturmanfaldlova § 7 skal prinsippa i §§ 8-12 leggjast til grunn ved utøving av offentleg mynde, og det skal koma fram av vedtaket korleis prinsippa er vurdert og veklagt i saka.

## Vurdering

Statens vegvesen har i søknaden grunngjeve og dokumentert godt at det er naudsynt med tiltaka som er søkt om får å sikre trygg veg til Undredal. Planlagte tiltak er i eit område med tidlegare inngrep i tilknyting til vegen. NVE har vurdert tiltaka som naudsynte for å få tryggare veg til Undredal. Under flaumen i 2014 vart det gjort store skadar på vegen frå Langhuso til Undredal. Under arbeid med oppretting og sikring av vegen etter flaumen, var forvaltar med på synfaring saman med Statens vegvesen. På denne synfaringa vart det peika på at det ville vera naudsynt med tiltak i bekkeløpa som det no vert søkt om løyve til å flaumsikre. Forvaltar vurderer kunnskapen om tiltaka som god. Kunnskapen om området er kjent gjennom forvaltningsplan og tidlegare kartleggingar. Det er registrert ein sjeldan art, stor bloddråpesvermar ved Djubåna som er i nærleiken av punkt to. Arten finst truleg andre stader i området og, så det er difor viktig å unngå lagring av massar og andre inngrep ute over det som er strengt naudsynt jf. nml. § 9 føre-var-prinsippet. Det er ikkje andre kjente førekommstar av truar artar eller naturtypar i området (Naturbase 19.01.2017). Kunnskapen om området jf. ml. § 8 er vurdert som god for å vurdera saka.

Undredal og dalføret har stor landskapsverdi og er ein del av verdsarvområdet Vestnorsk fjordlandskap i tillegg til at deler av området er landskapsvernombordet. Området har stor oplevelsverdi og er viktig for næringslivet og friluftslivet. Det er difor viktig at det vert lagt lagt stor vekt på å få best mogleg naturleg tilpassing av tiltaka til landskapet. Ved å avgrensa tiltaka til det som er naudsynt for å flaumsikre vegen, vurderer forvaltar at den samla belastninga på området av tiltaket er akseptabel jf. nml. § 10. Tiltaket vil i liten grad endra landskapet sin art og karakter, og det vil lite truleg føra til skade på verneverdiene. Forvaltar vurderer på den bakgrunn at tiltaket ikkje er i strid med verneforskrifta.

Bekkeløpet ned til vegen skal plastrast med stein. Det må leggjast til rette for kantvegetasjon der det er mogleg. Inntakskummen skal vera i betong, men der det er mogleg bør det brukast naturstein og/eller kle inn synleg betong med stein for å få best mogleg landskapsmessig



tilpassing jf. nml. § 12. Tiltaket vil lite truleg føra til miljøforring, og nml. § 11 er difor ikkje vurdert i denne saka.

### **Konklusjon**

På bakgrunn av vurdering etter naturmangfaldlova §§ 8-12 og verneforskrifta, meiner forvaltar det av omsyn til rassikring av vegen til Undredal er grunnlag for å gje dispensasjon frå naturmangfaldlova § 48 til gjennomføring av flaumsikring av fv. 601 mellom Langhuso og Undredal.